

---

## Maidans

---

1) Sjø det lyser av singlarde syljor  
og av fargar i braglande krans.  
Og i svivande rytme-bylgjor  
leikar ungdom i yndeleg dans.  
Og med songen stig og strøymer  
så det svarar frå skog og frå fjell,  
seg sjølve og verdi dei gløymer  
i den herlege høgsumarkveld.

2) Liksom graset på blømande bøar,  
liksom lauvet på sprettande tre,  
liksom solblenk på silkeblå sjøar,  
og som blomar med lysande fræ,  
i ein åker solgull-mogen  
under veiftande avdagsvind,  
så er ungdomens leik i skogen,  
så er songen frå vårfriske sinn..

3) Og all ungdomens jubel og gleda,  
kling som klokker av sylv og krystall;  
kvart eit kvikjend som levr må kveda  
Guds lov i hans herlege hall.  
Og når hjarta mot hjarta bankar,  
og hand tek trufast i hand,  
dei i vårmjuka sol-sæle tankar  
reiser vern kring sitt fedreland.

### Forklaringar:

Attersteg, bytomfotsteg frå gangar. Vi dansar 2 attersteg og 4 sviktar av neste (vi trør dei to siste sviktane V-H for å kome på rett fot i brigdet). Vi tar aksletak parvis med høgre handa og dansar rundt medsols på 2 bytomfotsteg (ein halv gong), byter så tak til venste aksletak, og dansar tilbake på 2 bytomfotsteg. På "(seg) sjølve og verdi dei gløymer i den herlege høgsumarkveld" går vi parvis med sviktgongsteg medsols langs ringen med livtak, og og til slutt dansar vi parvis rundt på staden (guten bakover) på 2 bytomfotsteg.

### Opplysningar:

Visa er dikta av Hulda Garborg (18-1934). Tonen er laga av armerikanaren Stephen C. Foster (1824-1864). Dansemåten er laga av Klara Semb, og stod først i NF II i 1956. Dansen står i boka Klara Semb: "Norske Folkedansar. Songdansar." (1985).